

MØTEBOK

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Fylkeshuset, Hermansverk, møterom Sygna
Møtedato	25.08.2016
Kl.	10:00 – 17:00

Faste medlemmer til stades: Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Klaus Iversen, Lise May Sæle (sakene 36 – 40)

Forfall til møtet: Jorunn Ringstad

Varamedlemmer til stades: Frode Bøthun (gjekk inn som medlem i møtet)

Til stades med møte- og talerett: Svein Hågård (sak 36, pkt. 2), Katrine Røkke Wilson (sak 37), Alvhild Orvedal (sak 39), Marianne Vara (sak 39 og 41), Gunnar Husabø (sak 36, pkt. 1 og sak 40)

Sekretariat for møtet: Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes at sak nr. 37/16 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2 (Handsaming av anbodsdokument med utsett innsyn jf. OFL § 5).

Møtebøkene frå 31.05.16 og 06.06.16 vart godkjend utan merknader.

SAK 36/16 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 25. august 2016

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS
 - Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

FR Kulturminneforvaltninga er forsinka pga vanskar med å få tak i kontaktpersonar i samband med undersøkinga. Rapporten skal bli klar til handsaming i kontrollutvalsmøtet 22. november.
 - Vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT

Fylkesrådmannen har rapporten til verifisering med frist for tilbakemelding 26. august. Etter verifisering skal revisor slutføre rapporten før den vert sendt til høyring. Orienteringane vart tekne til vitande.
 2. Orientering om revidert Delegerings- og innstillingsreglement v/Juridisk sjef Svein Hågård

Juridisk sjef gjekk gjennom endringane i delegeringsreglementet, som vart vedteke av fylkestinget i juni. Orienteringa vart teken til vitande.
 3. Tertialrapport 1/2016

Tertialrapporten vart teken til orientering.
 4. Orientering frå leiar og kontrollsjef

Leiar orienterte om fylkesutvalet si handsaming av notat om fusjonering av SF revisjon, Kryss revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Kontrollsjef orienterte om status i planlegginga av Brussel-turen. Orienteringa vart teken til vitande.
-

SAK 37/16 Anbud 2016 - Forvaltningsrevisjon - Anbudsdokument

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Anbudsdokumenta vert godkjent slik dei ligg føre.
2. Kontrollsjefen får i oppdrag å få anbudet lagt ut på DOFFIN og eventuelt andre databaser som er lovpålagde.

Endringsframlegg som kom fram i møtet:

1. Anbudsdokumenta vert godkjent med endringar som kom fram i møtet.

Avrøysting:

Punkt 2 i tilrådinga og endringsframlegget til punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Anbudsdokumenta vert godkjent med endringar som kom fram i møtet.
2. Kontrollsjefen får i oppdrag å få anbudet lagt ut på DOFFIN og eventuelt andre databaser som er lovpålagde.

SAK 38/16 Kontrollutvalet - Budsjett 2017/økonomiplan 2017 - 2020

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet gjer framlegg om budsjett for 2017/økonomiplan 2017 – 2020 for 410 Kontrollutval

Ansvar/ Funksjon	410 Kontrollutval	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2016	Netto - budsjett 2017	Netto - budsjett 2018	Netto - budsjett 2019	Netto - budsjett 2020
110/41001	Kontrollutvalet	655 382	866 000	816 000	816 000	816 000	816 000
110/41002	Sekretariatet	1 087 112	1 113 000	1 113 000	1 113 000	1 113 000	1 113 000
110/41003	Tenestekjøp	2 358 973	2 588 000	2 477 000	2 477 000	2 477 000	2 477 000
SUM – 410 Kontrollutval		4 101 467	4 567 000	4 406 000	4 406 000	4 406 000	4 406 000

2. Budsjett og økonomiplan vert å sende til fylkesutvalet/finansutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

SAK 39/16 Revisorbrev 03 - 2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 03 – 2016 til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant:
 - a. Få på plass gode rutinar som sikrar avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar.
 - b. Ferdigstille arbeidet med å få på plass eit anleggsregister som gjev tilstrekkelege opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.
 - c. Sikrar at rentene knytt til spelemidlar kjem inn på rett konto ved utgangen av året.
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. oktober 2016 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

SAK 40/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 - Overordna analyse - prioritering

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Overordna analyse vert godkjent med dei prioriteringane som kom fram i møtet
2. Kontrollsjefen får i oppdrag å utarbeide Plan for forvaltningsrevisjon til neste møte i kontrollutvalet

SAK 41/16 Plan for selskapskontroll 2016 - 2020 - overordna analyse - prioritering

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Arbeidsdokument 1 til overordna analyse vert godkjent med dei prioriteringar som kom fram i møtet
2. Kontrollsjefen får i oppdrag å utarbeide Plan for selskapskontroll til neste møte i kontrollutvalet.

SAK 42/16 Oppfølgingsliste 5-2016

Dette gir følgende VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 5-2016 vert teken til vitande
